

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval		19.03.2014

71/6 - Flatdalsbyen 61 - Søknad om frådeling av tomt til landbruksbygg

Saksopplysningar:	
Søkjær (ar) : Gunhild Flatland	
Gnr/Bnr: 71/6	Eigedommens adresse: Flatdalsbyen 61
Sakstype: Deling av grunneiendom med oppmålingsforretning	
Planstatus: LNF	Plantype: Kommuneplanens Arealdel

Saksdokument: **Søknad om deling motteke den 05.03.14**
Situasjonskart
Gjenpart av nabovarsel

Vedlegg:

- 1 71/6 - Flatdalsbyen - Situasjonskart 1:2000 - 29.01.2014
- 2 71/6 - Flatdalsbyen - Opplysninger gitt i nabovarsel - Kwittering for nabovarsel
- 3 71/6 - Utsnitt kommuneplanens arealdel

Saksutgreiing:

Eigar av gnr. 71, bnr. 6, Gunhild Flatland søker om å dele frå ei tomt på ca. 12 mål frå sin eigedom Flatland i Flatdal. Parsellen ligg på vestsida av Flatdalsøyane ca. 1.5 km sør for Flatdal kyrkje. Kjøparar er Skorve samdrift da v/Ottar Flatland, Tore Mæland og Odd Arne Byberg som har planer om å sette opp eit større landbruksbygg til mjølkeproduksjon.

Vurdering etter Plan og bygningslova:

Det aktuelle området er kommuneplanens arealdel avsett til LNF der berre tiltak i direkte tilknytning til landbruket kan finne stad, jmf. pkt. 4.1 i føresegnene til planen. Planlagd tiltak må seiast å felle inn under direkte tilknytning til landbruket og er soleis i tråd med gjeldande plan.

Delar av området er vist som verdifullt naturområde, skredvifter, jmf. pkt 3.11 i føresegnene til planen. Tidlegare handsama byggesøknad viser at tenkt plassering av bygget ikkje er i konflikt med dette området og då vurderar administrasjonen det til at delingssøknaden ikkje er i konflikt med naturområdet. Delinga vil ikkje føre til endra bruk av det området som er vist som verdifullt naturområde.

Tilkomst

Ved frådeling av tomter er det viktig at ein sikrar at tomtene får tilfredstillande tilkomst frå off. veg. I dette tilfelle er vegen (Flatdalsbyen) kommunal eit stykke utover øyane, men frå der denne sluttar må ein tinglyse vegrettar på dei ulike eigedommane.

Nabomerknader

Vedlagt kvitering for nabovarsel viser at alle naboar har skrive under og samtykka til tiltaket.

Vurdering etter jordlova § 12

Vurderingane er gjort på grunnlag føringane og rammene gjeve i jordlova §12 og rundskriv M-1/2013.

§12, tredje ledd i jordlova som vart gjeldande frå 01.07.2013 seier:

..."Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova"...

Teigen er ein skogteig på ca 56 daa, der det vert søkt om frådeling av 12 daa. Storleiken på tomta er fornuftig for å sikre nok plass rundt fjøset til lagring av rundballar osv. Det nye fjøset vil ikkje berøre dyrka mark. Plasseringa av fjøset er ideell i høve til mykje av grovfor- og spreiearealet som Skorve Samdrift vil disponere. Tomta ligg også i god avstand frå nærmaste bustadhus. Bygging av dette fjøset er svært viktig for å sikre framtidig mjølkeproduksjon i Seljord kommune. Rådmannen vil tilrå at det vert gjeve samtykke til deling som omsøkt.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår plan, miljø og teknisk utval til å gjere fylgjande vedtak:

Plan, miljø og teknisk utval godkjenner søknad om frådeling av ei tomt på ca. 12 mål for oppsetting av landbruksbygg på gnr. 71, bnr. 6. Det vert sett som vilkår for godkjenninga at det vert tinglyst rett til tilkomst fram til off. veg.

Vedtaket er gjort etter plan- og bygningslovas § 20-1 og jordlovas § 12. Godkjenninga gjeld i tre år frå godkjenningsdato jmf. pbl § 21-9.

Utskrift til: